



Oppvekstplan 2020



Surnadal kommune

Vedteke av Surnadal
kommunestyre 05.11.20



Barn og unge som skaper og lever meningsfylte liv

Innhold

1. Innleiing

Hovudmålsetting s. 3

2. Framtidsbilete og prioriterte område

s. 5

3. Målarbeid

Samskapte mål s.6

4. Korleis kan vi nå måla våre?

s.7

5. Læringsløyper

Læringsmiljø 2019 – 2021 s.8

Språk og skriving 2022- 2024 s. 8

Matematikk 2025 – 2027 s. 8

6. Leiarutvikling

Oppvekstleiarutvikling s. 10

Leiarretteiing s. 10

7. Oppfølging av kvalitetsarbeidet

Kvalitetsoppfølging s.11

Årshjul for kvalitetsarbeidet s. 12

8. Handlingsplan 2020 - 2025 s. 12



Innleiing

1

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidsretta, og gi barna eit godt læringsmiljø, faglege utfordringar for alle, mogelegheit til å bli høyrte, respektert og teke på alvor. Barna skal møte vaksne som bryr seg, og som er opptekne av å utvikle neste praksis i samhandling med foreldra og samfunnet rundt.

Hovudmålsetting

Hovudmålet for oppvekstsektoren i Surnadal er at barn og unge skapar og lever meningsfylte liv no og i framtida.



Aure • Averøy • Gjemnes • Kristiansund • Smøla • Sunndal • Surnadal • Tingvoll

Bakgrunn for planen

Vi lever i ei tid som er prega av raske endringar og mykje usikkerheit på mange område. Dette inneber at når samfunnet kring oss endrar seg, må oppvekstsektoren også endre seg, for å gi barna våre den kompetanse dei treng for å leve gode liv no og i framtida.

Rammeplanen for barnehagane og læreplanverket for skulen, dannar saman med Barnehagelova og Opplæringslova verdigrunnlaget og samfunnsmandatet for oppvekstsektoren. Dette kjem særleg til uttrykk i formålsparagrafane i Barnehagelova og Opplæringslova.

Surnadal kommune samarbeider saman med dei sju andre kommunane på Nordmøre gjennom Nettverk Nordmøre, om å vidareutvikle og forbetre oppvekstsektoren.

Gjennom eit forskingsinformert kunnskapsgrunnlag og prosessar med partsamarbeid og samskaping, har ein prøvd å skape involvering, eigarskap og kompetansemobilisering for dei endringane som er nødvendige, dersom barna våre skal utvikle kompetanse som er naudsynt for framtida.

Samtidig med arbeidet på Nordmøre og i Surnadal, har ein nasjonalt fått ny rammeplan for barnehagane og læreplan for grunnskulen. Desse nasjonale føringane, har saman med globale endringar og lokale behov, vore ramma for prioriteringane og retningsvala som kjem til uttrykk i denne planen.



Oppvekstsektoren i Surnadal

Oppvekstsektoren i Surnadal består av Bårdshaugen barnehage (privat), Midtigrenda barnehage, Øye og Skei barnehage, Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter, Mo oppvekstsenter, Todalen og Stangvik oppvekstsenter, Øye skule, Surnadal ungdomsskule (frå 01.01.2021 er dei to siste ein felles skule, Surnadal barne- og ungdomsskule) og Vaksenopplæring og integrering.

Frå 01.01.2020 er oppvekstsektoren i Surnadal utvida med to nye interkommunale einingar med Surnadal kommune som vertskommune, Surnadal og Rindal PPT, og Surnadal og Rindal kulturskule. PPT har vore med i heile prosessen, medan kulturskulen har eiga rammeplan, og vil arbeide seg saman med dei andre einingane framover.



«Bærekraftig utvikling er ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge mulegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov».

(Frå Samfunnsplanen til Surnadal kommune).

FNs bærekraftsmål

Hausten 2015 vedtok FNs medlemsland 17 mål for bærekraftig utvikling fram mot 2030.

Bærekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei bærekraftig utvikling. ([Lenke til FN-sambandet](#))

Regjeringa har bestemt at dei 17 bærekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Norge.

Gjennom nasjonale føringar for regional og kommunal planlegging, er det tydelege forventningar om at kommunal sektor legg FN sine bærekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.

Bærekraftsmåla viser dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Samanhengen mellom desse dimensjonane avgjer om noko er bærekraftig. Måla skal vise veg mot ei bærekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Bærekraftsmåla har vore ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for satsinga «Saman skapar vi framtida – region Nordmøre 2040» for Surnadal og dei andre kommunane på Nordmøre.

For oppvekstsektoren er bærekraftsmål 4 - God utdanning og mål 17 - Samarbeid for å nå måla mål ein har eit direkte ansvar for. Desse måla er reiskap for å nå dei andre måla, og som det er viktig å arbeide med og bidra til i barnehagar og skular.

Skaping av felles framtidsbilete

Nettverk Nordmøre har latt seg inspirere av ulike teoriar, tenkarar, utviklarar og empiri som er knytt til forskning. Dei har eit positivt aktørperspektiv som gir mogelegheit for handlingar. For å skape eigarskap, involvering og kompetansemobilisering for ei felles satsing, har vi samskapt framtidsbilete.

2

Skaping av framtidsbilete i Surnadal

For å skape felles fokus og eigarskap, byrja arbeidet med å skape framtidsbilete. - Kor vil vi? Korleis ønskjer vi at det skal vere i Surnadal i 2040?

Barn i barnehagane, elevar, foreldre, politikarar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og leiarar og tilsette i barnehagane og skulane har saman delt draumar og laga framtidsbilete. På barnehagen, i skulen og i kommunen.

Alle barnehagane og skulane har eigne framtidsbilete. Nokre er lik det kommunale biletet, medan andre framtidsbilete har fått noko i tillegg.

I Surnadal kommune valde vi til slutt å bruke det felles framtidsbiletet på Nordmøre som vårt eige etter prosessar i barnehagane, skulane og i kommunen.



Sortering og kategorisering av begepa som kom fram i Surnadal



Sammen skaper vi fremtiden

Framtidsbiletet som vart skapt i 2017 - Nordmøre og Surnadal 2040



Målarbeid

På bakgrunn av det framtidsbiletet som vart skapt, har dei same aktørane i barnehagane, skulane og på kommunenivå, delteke i å skape mål knytt dei fem hovudtema.

3

For Surnadal kommune sin del vart desse måla samskapt som viktigast:

1 Livsmeistring

- Vi vil at alle opplever meistring og trivsel kvar dag
- Vi må utdanne heile menneske, slik at dei meistrar i både medgang og motgang
Vi har barn med ei god fysisk og psykisk helse
- Vi vil ha ein barnehage og ein skule der alle føler seg inkludert og verdsatt.

2 Innovasjon

- Vi samarbeider med lokalt næringsliv i utdanningsløpet for å prøve og oppleve
- Vi driv praksisnær undervisning knytt til "kvardagen"
- Vi er fleksible, omstillingsdyktige, kreative, har endringsvilje og fremmer logisk tenking.
- Vi har kultur for prøving og feiling

3 Dybdelæring

- Vi har temabasert/tverrfagleg arbeid i barnehagen/ i undervisninga, for å sjå samanhengar og for å få betre forståing
- Vi brukar mappevurdering som undervegs - og sluttvurdering.
- Barna er med på å prøve, skape og utforske

- Vi må sjå teori og praksis under eitt
- Vi har ein fleksibel kvardag med arbeid og pauser etter behov

4 Sosial kompetanse

- Vi vil leggje vekt på inkludering, respekt, empati, toleranse, trivsel og gode relasjonar
- Vi vil at alle skal bli sett kvar dag
- Vi er gode på relasjonskompetanse
- Vi skapar meistring
- Vi vil ha robust ungdom som kan handtere utfordringar

5 Digital kompetanse

- Vi har kompetente vaksne i barnehage og skule
- Vi vil ha kritisk tenkjande elevar som beherskar kritisk kjeldebruk
- Vi brukar digitale verktøy for å nå andre mål



Frå kommunal samskaping av felles mål i Surnadal




Korleis kan vi nå måla våre?

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidsretta, og gi barna eit godt læringsmiljø, faglege utfordringar for alle, og mogelegheit til vekse, lære og utvikle seg ut frå egne føresetnader og behov. Barna skal vere med å skape og leve meningsfylte liv no og i framtida.

4

Forbetringsarbeidet kan framstillast slik:






Læringsløyper 5

På bakgrunn av arbeidet med framtidsbilde og mål, gjennomførte dei ulike barnehagane og skulane ein ståstadsanalyse i høve kva utviklingsområde ein vil starte med.

Strategiar og val av regional Læringsløype

Nettverk Nordmøre gjennomførte den same prosessen, og utarbeidde på bakgrunn av målskapingprosessane tre Læringsløyper som skal gå over 9 år - Læringsmiljø, Språk og skriv og Matematikk. Desse læringsløypene er også knytt til dei nasjonale måla for den nye desentraliserte kompetanseutvikling i Norge, kalla DEKOMP for skule og REKOMP for barnehagane.

Arbeidet i læringsløypene skal vere knytt til dybdelæring, digital kompetanse, profesjonelle lærarane fellesskap, aksjonslæring og innovasjon. Tett samhandling med PPT er også ein føresetnad.



Døme på ståstadsanalyse

I Surnadal kommune valde barnehagane og skulane å starte med læringsløypa **Læringsmiljø** med hovudmålet frå framtidsbilde – og målskapinga: **Vi vil at alle opplever meistring og trivsel kvar dag**

Dette utviklingsarbeidet skal vare i tre år, frå 2019 – 2021. Deretter har Surnadal tenkt å gå inn i læringsløypa Språk og skiving i perioden 2022 - 2024, og matematikk i perioden 2025 - 2027.

Læringsløypa Læringsmiljø

I kvar eining er det utviklingslærarar, som deltek i Utviklingslærarnettverket til Nettverk Nordmøre, som møtes for erfaringsdeling og fagleg påfyll frå PPT på Nordmøre. Dei møtes fem gonger pr. år

Utviklingslærarane er ein del av utviklingsgruppene i barnehagane og skulane, som møtes mellom og i Oppvekstnettverket i Surnadal kommune.

På kommunalt nivå, er det etablert ei utviklingsgruppe, med formell oppveksteigar ordførar, kommunedirektør, oppvekstfagleg ansvarlege, styrar, rektor og hovudtillitsvalde.

Denne gruppa har det overordna ansvaret for utviklingsarbeidet i vår kommune. Deltakarar i



denne gruppa møter også i ulike regionale nettverk.

Arbeid med læringsmiljøarbeidet i barnehagane og skulane

Prinsippa for samskaping skal vere utgangspunktet for læringsløypene og utviklingsarbeidet i einingane også:

- Samarbeid og samskapt læring mellom ulike partar/aktørane i barnehagar og skular
- Nettverk og relasjonar i profesjonelle lærande fellesskap
- Trening og modellering
- Innovasjon
- Språk og metaforar

Utviklingsgruppene

Utviklingsgruppene i einingane er difor samansett av utviklingslærarane, tillitsvalde, PPT- kontakten og leiarane. Leiarane har saman med dei andre i utviklingsgruppa, ansvar for å leie utviklingsarbeidet i si eining.

I tillegg må barna/elevane og foreldra jamnleg bli involvert. Barna/elevane og foreldra sine stemmer, opplevingar og meiningar er det særleg viktig å få fram, for å finne spor av endring – skjer det verkeleg endring i praksis – utvikling av neste praksis.

Andre aktørarar, som skulehelsetenesta, næringslivspartnarar, frivillige lag og organisasjonar bør også involverast når det er naturleg.

Samarbeidsutvala i barnehagane og skulemiljø- og samarbeidsutvala i skulane kan vere fine fora for involvering mellom alle partane.

Mellomarbeida

Målet med utviklingsarbeidet er å utvikle neste praksis i kollegiet på utviklingsområdet læringsmiljø. Arbeidet med mellomarbeidet mellom nettverkssamlingane til utviklingslærarane skal vere eit viktig bidrag til dette.

Det er forska mykje på barnehage- og skuleutvikling dei siste åra, og kollektive læringsprosessar ser ut til å vere det beste tiltaket for å utvikle ny praksis. Dette ser ein også ligg til grunn for dei statlege kompetansutviklingstiltaka. Arbeidsplassbasert kompetanseutvikling er ein viktig strategi i «Kompetanseplan for barnehagene (2016)», der REKOMP er eit av tiltak. Det same gjeld for «Kompetanse for kvalitet (2017- 2021)» for skulane, REKOMP- ordninga og i ny overordna del i fagfornynginga.



Erfaringsdeling av arbeid med mellomarbeid i barnehagane og skulane i Surnadal, mars 2020



Leiarutvikling

6

Skal ein organisasjon vere samskapande, må oppvekstleiarane vere leiarar som er utviklingsorienterte og evner å distribuere leiing. Samtidig må dei ta ansvar for, og delta i, det kollektive profesjonelle læringsfelleskapet i sin barnehage eller skule.

Regional leiarutvikling (ROLU)

Surnadal kommune er gjennom Nettverk Nordmøre ein del av SAFO Nordmøre. Dette er ein samarbeidsavtale mellom NTNU og kommunane på Nordmøre på oppvekstområdet.

Gjennom dette deltek vi i samskaping av ei regional oppvekstleiarutvikling kalla ROLU, saman med Dronning Mauds Minne Høgskole og NTNU.

Leiarutviklinga er organisert gjennom to årlege nettverkssamlingar for utviklingsgruppene i einingane med eigendefinerte mellomarbeid i organisasjonsutvikling, mellom samlingane.


Mellomarbeida er koordinert med dei fagspesifikke mellomarbeida i læringsmiljø.

I tillegg blir det gjeve direkte rettleiing til formelle leiarar og utviklingsgruppene om lag to gonger pr. år. Nettverk Nordmøre har fått OU-midlar frå KS til ROLU med 1,8 mill. over to år.

Alle som blir tilsett som leiarar i skulane i Surnadal, må gjennomføre leiarutdanning som

den nasjonale rektorskulen i løpet av dei to første åra dei arbeider i Surnadal (jf. Kompetanseplan for oppvekst 2016).

Skuleleiarar frå Nordmøre skal bli prioriterte ved opptak til rektorskule- studiet i Midt-Norge som ein del av samarbeidsavtalen med NTNU.



Døme på eigendefinert mellomarbeid i organisasjonsutvikling og leiing, oktober 2019



Oppfølging av kvalitetsarbeid

Ein framtidsretta oppvekstsektoren skapar møteplassar for refleksjon, læring og profesjonsutvikling gjennom samskaping, mellom dei ulike aktørane i og rundt sektoren.

Beslutningane om vidare utviklingsarbeid på alle nivå, tek utgangspunkt i analyser av «kor står vi – kor går vi», gjennom systematisk innhenting og bruk av rike data som fortel om erklært og opplevd verkelegheit/praksis som tek opp i seg endringar som skjer undervegs.

7

Systematisk kvalitetsarbeid

Surnadal kommune har i mange år hatt eit systematisk kvalitetsoppfølgingsarbeid i barnehagar og skular. Både barnehagelova og opplæringslova legg føringar for dette. I opplæringslova §13-10 er det eit krav at alle skuleeigarar (kommunestyre) kvart år skal behandle ein rapport om tilstanden i skulane. Det er nasjonale kriterie som skal vere med i rapporten. I tillegg kan skuleeigar sjølv velje kva andre tema som ein vil ha med.

Kvalitetsmeldinga

I Surnadal har vi valt å kalle rapporten for ei kvalitetsmelding, som gir informasjon om heile oppvekstsektoren.

Undervegs i året har resultat frå t.d. nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar, brukarundersøkingar og Elevundersøkinga vore gjennomgått og drøfta i samarbeidsutvala, i

ulike kommunale leiarnettverk og politisk i hovudutvalet for oppvekst.

Årlege kvalitetsbesøk i einingane

Rapporten har vore følgd opp av årlege partssamansette utviklingsbesøk i einingane og leiarutviklingssamtalar. Erfaringane med dette viser at kommunale politiske signal og beslutningar no heng enda betre saman med behov som ein opplever i den einskilde eininga, og at ein i fellesskap finn felles mål som gjev større kraft og tyngde til å lukkast med kvalitetsarbeid i einingane og i kommunen.

Kommunale utviklingsnettverk


I samband med framtidssatsinga «Saman skapar vi framtida», har vi utvikla vidare den organiseringa vi har hatt, og har etablert ei kommunal partssamansett utviklingsgruppe for



oppvekst, eit oppvekstnettverk for utviklingsgruppene i einingane og justert leiarnettverka for styrarane og skuleleiarane.

Denne vidareutviklinga skal fortsette, og kvalitetsoppfølginga skal følgje årshjulet for kvalitetsutvikling i oppvekst i Surnadal.


Årshjul Kvalitets- utvikling Pr. 04.08.2020



Handlingsplan 2020 – 2027

I Surnadal deltek barnehagane, skulane og PPT saman i læringsløyper og leiarutvikling. Dette skapar større samanheng for barna, foreldra og dei tilsette frå barnehage til vidaregåande skule. Endringar i ei eining, kommunalt eller nasjonalt tek ein hensyn til ved evaluering og utarbeiding av nye handlingsplanar for kvart år.

Det vil bli laga årlege handlingsplanar i dei ulike einingane ut frå kor ein står, og kva som er neste steg. I tillegg kjem oppfølging av andre planar som t.d. Den Kulturelle skulesekken, individuelle grunn- og vidareutdanningstilbod (jf. eiga kompetanseplan), for å sikre god grunnkompetanse i basisfaga, spesialundervisning (jr. Meld.St.6 Tett på) og andre aktuelle kompetanseområde.



Tema/tiltak	Når	Målgruppe	Ansvarleg
Læringsløypa - Læringsmiljø	2019 - 2021	Barn og elevar Foreldre Tilsette i barnehagar og skular PPT	Nordmøre PPT Læringsmiljøsentret i Stavanger NTNU, KS Nettverk Nordmøre
Læringsløypa – Språk og skriving	2022 - 2024	Barn og elevar Foreldre Tilsette i barnehagar og skular PPT	Skrivesenteret, NTNU Nettverk Nordmøre
Læringsløypa - Matematikk	2025 - 2027	Barn og elevar Foreldre Tilsette i barnehagar og skular PPT	Matematikksenteret, NTNU Nettverk Nordmøre
Regional leiarutvikling (ROLU)	2020 - 2027	Leiarar og utviklingsgrupper i barnehagar og skular Kommunale oppvekstleiarar Hovudtillitsvalde Politikarar	DMMH NTNU KS Nettverk Nordmøre
Årleg evaluering og justering av mål	2020- 20217	Alle aktørar i og rundt barnehagar og skular i Surnadal	Surnadal kommune Nettverk Nordmøre